



Frank Rune Dale  
Sagstadvegen 67  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2590 - 14/11419

Saksbehandlar:  
Hans Kristian Dolmen  
HansKristian.dolmen@meland.kommune.no

Dato:  
15.07.2014


## gnr 24 bnr 7 - Søknad om arealoverføring - Reguleringsplan Langeland - planID 125620031126

**Administrativt vedtak. Saknr: 207/2014**

### Saksutgreiing:

Me syner til søknad motteke 15.07.2014 frå heimelshavar gjeldande arealoverføring frå eigedom gnr 22 bnr 7 til bnr 110. Søknaden gjeld overføring av eit areal på om lag 220m<sup>2</sup> som vist på kart utsnittet nedan for. Eigedomane ligg innan for planområde reguleringsplan for Langeland, med planID 1256 2003 1126, og er begge lagt ut til planføre mål bustad. Naboar er varsla, ingen merknader.

Utsnitt plankart med eigedom gnr 24 bnr 110 og omsøkt areal for arealoverføring.



Føremålet med arealoverføringa er samanslåing av regulert grunn til bustadføremål slik at regulert tomt vert ein eigedom. Arealoverføringa må sjåast på som eit praktisk arrondering av tomt og eigedomstilhøve innan for planområdet.

## Vedtak

«I medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m, godkjenner Meland kommune søknad om arealoverføring på om lag 220 m<sup>2</sup> frå gnr. 22, bnr 7 til bnr 110, i samsvar med søknad registrert motteken 28.05.2014 og som vist på vedlagt tomtedelingsplan (vedlegg 1). Endelege grenser vert fastsett ved oppmålingsforretninga.

Løyvet til tiltaket fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyve vart gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering, jfr. plan- og bygningslova § 21-9.»

Gebyr for handsaming av denne saka vert ettersendt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Hans Kristian Dolmen  
arealplanleggjar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakere:

Frank Rune Dale

Sagstadvegen 67 5918

FREKHAUG